



Arkiv: FE-151  
JournalpostID: 21/14730  
Saksbehandlar: Torbjørn Emblem  
Dato: 09.11.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
PS 21/21	Arbeidsmiljøutvalet	18.11.2021
PS 81/21	Nærings- og utviklingsutvalet	15.11.2021
PS 21/21	Rådet for personar med funksjonsnedsetting	11.11.2021
PS 23/21	Eldrerådet	18.11.2021
PS 27/21	Ungdomsrådet	17.11.2021
PS 38/21	Levekårsutvalet	16.11.2021
PS 104/21	Formannskapet	25.11.2021
PS	Kommunestyret	

**Årsbudsjett år 2022 - Økonomiplan år 2022 - 2025**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak**

Kommunedirektøren legg fram saka utan framlegg til vedtak

Rådet for personar med funksjonsnedsetting - 21/21

**FUNKS - behandling:**

Orientering ved kommunalsjefane.  
Rådet drøfta seg fram til eit samrøystes vedtak.

**FUNKS - Vedtak:**

Rådet for personar med funksjonsnedsetting tar budsjettet til vitande.

Nærings- og utviklingsutvalet - 81/21

**NU - behandling:**

Økonomisjef Torbjørn Emblem viste powerPoint, orienterte og svara på spørsmål.  
Nærings- og utviklingsutvalet tek orienteringa til vitande.

**NU - Vedtak:**

Levekårsutvalet - 38/21

**LK - behandling:**

Kommunalsjef oppvekst Bjørnar Midtbust viste powerPoint, orienterte og svarte på spørsmål.  
Kommunalsjef helse og omsorg Ragnhild Skjong viste powerPoint, orienterte og svarte på spørsmål.  
Det vart sett fram slikt forslag til felles framlegg frå Otto Magne Strømmegjerde (AP):

1.

Kommunedirektøren sitt budsjettutkast til årsbudsjett år 2022 - Økonomiplan år 2021 - 2025 vert teke til orientering og oversendt til formannskap og kommunestyre.

2.

Varsla innsparingar jmf. budsjettutkastet til årsbudsjett år 2022 - Økonomiplan år 2021 - 2025 skal fordelast på alle einingar jfr. budsjettutkastet «bevilgningsoversikt» drift 1 B.

3.

Det skal framstillast eit budsjett for alle år i økonomiplanen pr. ansvar, jmf. kommunedirektørens budsjettutkast år 2021 - 2025 side 85 skjema 2B.

#### Røysting:

Forslaget til felles framlegg frå Otto Magne Strømmegjerde (AP) vart samrøystes vedtek.

#### **LK - Vedtak:**

Levekårsutvalet si tilråding:

1.

Kommunedirektøren sitt budsjettutkast til årsbudsjett år 2022 - Økonomiplan år 2021 - 2025 vert teke til orientering og oversendt til formannskap og kommunestyre.

2.

Varsla innsparingar jmf. budsjettutkastet til årsbudsjett år 2022 - Økonomiplan år 2021 - 2025 skal fordelast på alle einingar jfr. budsjettutkastet «bevilgningsoversikt» drift 1 B.

3.

Det skal framstillast eit budsjett for alle år i økonomiplanen pr. ansvar, jmf. kommunedirektørens budsjettutkast år 2021 – 2025 side 85 skjema 2 B

#### Ungdomsrådet - 27/21

#### **UNGD - behandling:**

Bjørnar Midtbust orienterte og svarte på spørsmål.

#### **UNGD - Vedtak:**

Ungdomsrådet er veldig positive til "Høbben" og meiner det er viktig at kommunen støtter dette tilbudet til barn og unge.

Kapasitet på Storhallen - denne er sprengt både på dagtid (i skuletida) og på ettermiddag/kveld.

Sentrumsskolen vil på sikt løyse litt av utfordringa på ettermiddag/kveld, men ungdomsskolen manglar kroppsøvingslokaler. Kulturhuset er ikkje eigna for kroppsøving pga. at det berre er "mjuk" gymnastikk, type yoga, som kan utførast. Dermed kjempar vidaregåande og ungdomsskolen om plass på Storhallen i skuletida. Dagens kapasitet i høve lokaler i kroppsøvingsfaget er for dårleg for elevar både på ungdomsskolen og på vidaregåande skule, og dette bør løysast.

#### Arbeidsmiljøutvalet - 21/21

### **AMU - behandling:**

Orientering ved kommunedirektør Geir Ove Vegsund med fokus på arbeidsmiljø, samt orientering frå kommunalsjef Bjørnar Midtbust knyt til oppvekstsektor.

Forslag frå alle tillitsvalde i AMU til uttale til budsjett og økonomiplan:

- Arbeidsmiljøutvalet meiner at vedtak om ei eventuell nedlegging av Tandstad barnehage må gjerast før jul, dette grunna at prosessane som skal gjerast tek tid og at dei berører tilsette i heile oppvekstsektoren.
- Ein må ha gode prosessar, der ein følgjer lov og avtaleverk og involverer dei som skal involverast i følgje rutineane for omstilling i Sykkylven kommune.
- Arbeidsmiljøutvalet meiner det er viktig at informasjon, involvering og ivaretaking må gjelde alle berørte tilsette i ein eventuell nedleggingsprosess.
- Arbeidsmiljøutvalet peikar på at det er viktig at kommunen følger opp arbeidsmiljøutfordringar og sjukefråver i etterkant av ei eventuell nedlegging.
- Arbeidsmiljøutvalet ser at det viktigaste i åra framover blir å gi gode og forsvarlege tenester, med tilsette som klarer å stå i arbeidet sitt, i alle einingane. Rekruttering og å behalde tilsette blir viktig i framtida.

Samrøystes vedtak: Som forslag frå hovudtillitsvalde og hovudverneombod.

### **AMU - Vedtak:**

Arbeidsmiljøutvalet sin uttale til budsjett 2022 og økonomiplan 2021 - 2025:

- Arbeidsmiljøutvalet meiner at vedtak om ei eventuell nedlegging av Tandstad barnehage må gjerast før jul, dette grunna at prosessane som skal gjerast tek tid og at dei berører tilsette i heile oppvekstsektoren.
- Ein må ha gode prosessar, der ein følgjer lov og avtaleverk og involverer dei som skal involverast i følgje rutineane for omstilling i Sykkylven kommune.
- Arbeidsmiljøutvalet meiner det er viktig at informasjon, involvering og ivaretaking må gjelde alle berørte tilsette i ein eventuell nedleggingsprosess.
- Arbeidsmiljøutvalet peikar på at det er viktig at kommunen følgjar opp arbeidsmiljøutfordringar og sjukefråver i etterkant av ei eventuell nedlegging.
- Arbeidsmiljøutvalet ser at det viktigaste i åra framover blir å gi gode og forsvarlege tenester, med tilsette som klarer å stå i arbeidet sitt, i alle einingane. Rekruttering og å behalde tilsette blir viktig i framtida.

#### Eldrerådet - 23/21

### **ELD - behandling:**

Økonomisjef Torbjørn Emblem og kommunalsjef helse og omsorg Ragnhild Hanken Skjong orienterte

og svara på spørsmål frå rådet.

Eldrerådet tek saka til vitande med følgande innspel.

Eldrerådet har ved fleire høve markert sine synspunkt på nokre problemstillingar som vi meiner er svært viktige.

Eldrerådet registrerar at kommunedirektøren i år har lagt fram eit utkast til budsett for 2022 og ein økonomiplan for 2022 - 2025 som vil auke ressursane til Helse og Omsorgseininga. Det ser eldrerådet på som gledeleg og heilt naudsynt.

På kommunestyremøtet 08.11.21 informerte både kommunedirektøren og kommunalsjefen for Helse og omsorg om at det er naudsynt å gjennomføre ei omorganisering av delar av kommunestrukturen i Sykkylven.

Eldrerådet har i den forbindelse komt fram til to viktige område som vi meiner er naudsynt å sette fokus på:

#### **Sykkylven kommune bør ha ei eldrekontakt/ein koordinatorfunksjon for eldre.**

Eldrerådet har over tid sett behovet for at det vert oppretta ei eldrekontakt i Sykkylven kommune. Vi ser behovet for at kommunen har ein person som har oversikt over tilbodet kommunen gir til dei eldre. Dei som arbeidar innan eldreomsorga gjer ein svært god jobb innanfor sine område, men det finst mange arbeidsområde og det viser seg at vi treng ein koordinator som har kjennskap til alle område. Ein slik koordinator må ha oversikt over kva moglegheiter som finst, søkje om midlar som ligg tilgjengeleg, ha oversikt og koordineringsfunksjon når kommunen skal innføre forslaga frå reforma «*Leve heile livet.*». Det vil blant anna vere viktig å medverke i konkrete samarbeidsprosjekt med andre kommunar. Det er også naudsynt at heimesida til Sykkylven kommune vert tilrettelagt for dei eldre i samarbeid med dei som har hovedansvar for denne sida, men også i samarbeid med dei eldre.

Som enkeltpersonar har dei eldre behov for å vite at dei kan kontakte ein namngitt koordinator med spørsmål dei vil ha svar på.

Eldrerådet i Sykkylven kjenne til at det er oppretta eldrekontakt i fleire kommunar i landet.

#### **Behovet for ein frivilligkoordinator på BUAS og i heimetenestene**

Eldrerådet har i fleire år vore pådrivar til at det skal tilsetjast ein frivilligkoordinator på Buas/Heimetenestene. Administrasjonen har arbeidd med å få til eit aktivitetsven-tilbod. Dette har m.a. vore i samarbeid med Nasjonalforeningen. Deira «Aktivitetsven-pakke», som inneheld informasjon, kurs for dei frivillige etc. har vore brukt. Mange frivillige melde seg den gongen på kurs og fleire kom i gong med frivilligarbeid både på Buas og i Heimetenestene.

For nokre år sidan ga kommuneadministrasjonen løyve til at det vart nytta ein 20% stilling til arbeid som frivilligkoordinator på Buas, men denne funksjonen blei etterkvart fjerna. Det er fleire personar som fungerer som aktivitetsvenner for bebuarar på Buas. I tillegg er gruppa av føresette stor. Det er andre grupper som ynskjer å underhalde, formidle ulike budskap eller berre skape ei hyggestund med kaffe og kaker. Alt dette er positivt, men aktivitetane treng koordinering.

Når nye frivillige skal starte opp som aktivitetsvenner for bebuarar, må dette førebuast og følgjast opp av tilsette på Buas / i Heimetenestene. Dei tilsette må også setje av litt tid slik at dei frivillige kan få noko rettleiing.

Å ha eit fungerande frivilligtilbod er utan tvil eit godt tilbod for dei eldre. For dei tilsette kan dette kjennest som ei god avlasting. Men dei må gi naudsynt informasjon til dei frivillige, dei må koordinere besøka og gi beskjed når det ikkje passer med besøk. Dei brukar då av tida som dei skulle ha brukt i sitt daglege, faglege arbeid. Det å innlemme frivillig arbeidskraft i arbeidet innan eldreomsorga blir oftare og oftare nemnt frå overordna myndigheiter. Frivilligarbeid er ein berebjelke i den eldrereforma som Sykkylven kommune har planar om å innføre; Reforma «*Leve heile livet.*»

Under framføringa av budsjettutkastet for 2022 på kommunestyremøtet 08.11.2021 fekk vi vite at kommuneadministrasjonen har planar om å omorganisere Helse og omsorgseininga. For å få arbeidsmengda og tenestetilboda til å "gå opp" må det leggjast til ette for at frivillige får ein arbeidsplass i det store puslespelet som skal leggjast, både på BUAS og i Heimetenestene. Å tenke frivillige inn i denne eininga er heilt naudsynt.

På bakgrunn av dette gjorde eldrerådet samrøystes vedtak.

#### **ELD - Vedtak:**

Eldrerådet ber Sykkylven kommune i forbindelse med planane om omorganisering av helse og omsorgstenestene;

1. Opprette ein eldrekontaktfunksjon
1. Opprette ein frivilligkoordinator ved BUAS og heimetenestene

Formannskapet - 104/21

#### **FSK - behandling:**

Økonomisjef Torbjørn Emblem svarte på spørsmål.

På vegne av SP, H, V og KrF sette Odd Krüger fram eit forslag til budsjettvedtak i 16 punkt:

1. Inntekts- og formuesskatt Det kommunale skatteøret for år 2022 skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar. Formuesskatten vert også rekna etter høgast lovlege sats.
2. Eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingalternativ for skatteåret 2022 nyttast: g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke næringsseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskatten vert sett til 3,2 promille (esktl. § 13). Dette er noko lågare enn det som lagt til grunn i budsjettutkastet. Inntekter frå eigedomsskatten, vert såleis sett ned med kr 2 000 000. Sjølv om eigedomsskatt også er medteke i årsbudsjetta for år 2022 tom år 2025 må dette takast stilling til kvart år; skal ein ha eigedomsskatt? Kva promillesats skal nyttast ved utskriving kvart år? Eigedomsskatt oppført i åra 2022 tom år 2025 i Økonomiplan år 2022 – 2025, åra 2022 tom år 2025 er dermed juridisk sett berre retningsgivande for kommunedirektørens budsjettutkast i dei åra.
3. Sykkylven kommunestyre godkjenner kommunedirektørens utkast til investeringsbudsjett år 2022-2025, slik det går fram av Budsjettskjema 2A, og nytt tabellgrunnlag med slike endringar og prioriteringssignal:

- Administrasjonen vert oppmoda om å arbeide vidare med å kartlegge og skildre ulike organisasjonsmodellar for eigedomsforvaltning. Målsettinga med arbeidet er å sikre ei god, framtidsretta og berekraftig kommunal eigedomsforvaltning - av alle kommunen sine eigedommar og tilhøyrande bygningar.
- «Investeringsstilskott» til uteområder i kommunale barnehagar står ubrukt i år. – Dette vert rebudsjettert for 2022 med kr 100.000.
- Det er framleis eit potensiale for energisparing gjennom ENØK-tiltak og investeringar i dei kommunale helse- og omsorgsinstitusjonane i kommunen. Kommunestyret legg til grunn at dette arbeidet vert vidareført også i 2022.
- Kommunestyret forventer at arbeidet med å planlegge minnelunden vert sett i gang i løpet av 1. kvartal neste år, jf. styringssignala som vart gitt i fjorårets budsjettvedtak. Det vert sett av eit førebels beløp på kr 200.000 i investeringsbudsjettet til dette

arbeidet. Det vert oppmoda om å søke etter økonomiske partnerar i etableringa.

- Sykkylven kommune skal ved kommunale investeringar og drift så langt praktisk råd er, legge til grunn FN sine 17 berekraftmål.

4. For å finansiere investeringane i år 2022, jf. kommunelova § 14—15, vert det teke opp eit lån stort kr 58 312 000.

Det vert teke opp Startlån i Husbanken for vidareutlån i 2022, stort kr 12 000 000, jf. kommunelova § 14-17.

5. Sykkylven kommunestyre godkjenner driftsbudsjettet/økonomiplan for år 2022 - 2025, slik det går fram av utkast frå kommunedirektøren i Budsjettskjema 1A og 1B med desse endringane:

- Det vert lagt til grunn ein auke i skatteanslaget med kr 1 000 000 for 2022, utover kommunedirektøren sitt utkast.
- Slik kommunestyret forstår endringsproposisjonen til statsbudsjettet, vil dette gje vår kommune ei styrking av budsjetttramma gjennom auka overføringar på kr 3 300. 000. Inntektsramma i budsjettet vert såleis auka med nemnde sum.
- Implementeringa av den nye Barnevernsreformen, vil slik kommunestyret ser det, m.a. bidra til styrke det tverrfaglege fokuset i denne sektoren. Vi trur såleis at reforma må få verke over noko tid før ein kan fastslå kva slags fagkompetansar som det blir viktig å rekruttere frametter, som t.d. psykolog, familierapeut o.l..
- I høve til kommunedirektørens budsjettutkast ser vi eit klart behov for å styrke budsjetttramma innan Helse og omsorg. Kommunestyret vil såleis auke ramma for Helse, omsorg og velferd med kr 1 400 000 for å styrke tenestetilbodet m.a. innanfor områda BUAS, heimetenesta, demensomsorga og forebyggjande tiltak for å hjelpe eldre til å kunne bu heime lengst mogleg.
- Kommunestyret merker seg forslaga frå eldrerådet om etablering av ein eldrekontakfunksjon og ein frivilligkoordinator ved BUAS og heimetenestene, og oppmoda administrasjonen om å ta med seg desse forslaga som innspel i arbeidet med den framtidige organiseringa av Helse og omsorg.
- Det er frå fleire hald opplyst aukande utfordring knytta til arbeidsinnvandring og norsk språk. Kommunestyret ber kommunedirektøren ta initiativ overfor f.eks. Sykkylven Industri og Næringslag for å diskutere mulighet for samarbeid mellom kommunen (f.eks. vaksenopplæringa), SNU og SINL for å gjere integreringsarbeidet også på dette området betre.
- Kommunestyret ber om ei vurdering av plassering av vaksenopplæringa i organisasjonen og fordelingsnøkkel i rammer mellom ungdomsskulen og vaksenopplæringa
- Styrkinga av budsjetttramma for Sykkylven kyrkjelege fellesråd med kr 150 000 i fjor, vert vidareført i 2022.
- Sykkylven kommune ser det som viktig å sikre at ingen barn skal stå utanfor fritidsaktivitetar av økonomiske grunnar. Vi set difor av kr 50 000 til dette formålet i budsjettet. Administrasjonen blir samstundes oppmoda om ev. å søke på midlar frå den nasjonale tilskotsordninga for inkludering av barn og unge.
- Som eit ungdomstiltak oppmoder kommunestyret administrasjonen om å etablere ei ordning for unge (t.d. i alderen 15 – 19 år), der den enkelte kan få tilbod om

sommarjobb i ei veke eller to med stell av parkar, friområder og andre fellesområder. Det vert sett av kr 100.000 til dette i 2022. Tiltaket vert evaluert i samband med budsjettarbeidet for neste år, med tanke på ei ev. vidareføring.

- Det vert sett av kr 200.000 som eit oppstartstilskott til «Høbben».
- I budsjettutkastet er det ikkje teke med midlar til brøyting av vegen gjennom Fasteindalen. Kommunestyret meiner at vegen m.a. av tryggleiksgrunnar må vere brøytt.

Kommunestyret ber difor teknisk eining om å forlengje rode for Ramstaddal til og å inkludere Fasteindalen. Vegen må bli brøyta av egna maskin/utstyr og vere den lavast prioriterte strekninga på roda. Det vert sett av inntil kr 150.000 til dette.

- Kommunestyret ser behovet for å få fastsett gatenamn og husnummer for fritidsbustader mv i Fjellseterområdet, ikkje minst av omsyn til at naudetatane skal kunne finne fram innan rimeleg tid ved utrykning. Det vert såleis løyvd kr 250.000 til dette for 2022. Ved framtidig utbygging i området skal dette takast med i reguleringsplanar og føresegner. Og kostnadane vert ein del av utbyggingskostnadane.
- Kommunestyret ber om at det i byrjinga av 2022 vert lagt fram sak for formannskapet med oversikt over alle kommunale bustadtomter med prisar. Målet er å få selt flest mogleg av desse.
- Kommunestyret ser det som svært viktig at krinsar som har eller vil miste skule/barnehage, likevel skal vere attraktive buområder. Den dialogen med grendene som er sett i gang, må vidareførast om t.d. kva tiltak dei ser for seg som vil vere viktigast for bumiljøet i kvar krins.
- Vi merkar oss og ser det som viktig, at kommunedirektøren vil vidareføre arbeidet med den administrative organiseringa i kommunen, med målsetting om å få denne så effektiv som mogleg.
- Endringane ovanfor har ein nulleffekt på balansen i driftsbudsjettet for 2022, dvs. summen av forslaga som aukar inntektene tilsvarer summen av forslaga om aukar kostnadane. For dei andre åra i økonomiplanen har endringane ingen verknad.

6. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele hovudpostane i budsjettskjema 1B i samsvar med budsjett dokumenta og dei endringane budsjettvedtaket gir. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjetterte utgifter til pensjon. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å justere budsjettet når einingane vil bruke midlar frå tidlegare pliktige avsettingar, eller gjere pliktige avsettingar i årets budsjett. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å regulere budsjettpostar innan budsjettskjema 1B

7. Dei endelege nettorammene for einingane er bindande for einingane si disponering av budsjettmidlane.

8. Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000.

9. Kommunale betalingsattsar er avklara i eigne saker.

10. For året 2022 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

11. For året 2022 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

12. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert

tertialvis i høve til møteplan.

13. Økonomiplanen år 2022 er grunnlaget for arbeidet med årsbudsjettet for år 2022. Budsjettutkast frå administrasjonen vert då fremja i samsvar med driftsramme og investeringsramme som økonomiplanen fastset.

14. Det skal tertialvis leggest fram oversikt over tal på tilsette og årsverk samanlikna med budsjettvedtaket.

15. Ved utarbeiding av budsjettutkastet for 2022 må det takast omsyn til signal om trekk i rammeoverføringar, bortfall av statlege tilskott som er tidsavgrensa o.l., slik at budsjettutkastet ikkje legg opp til eit for høgt driftsnivå.

16. Kommunestyret viser til «Ny strategi for sosial boligpolitikk» som vart lagt fram av den førre regjeringa. Fleire av måla og delmåla i denne vil få stor betydning for kva prioriteringar og val kommunene må gjere på dette området framover. Kommunestyret ynskjer difor at ein vidarefører arbeidet med å implementere desse føringane i kommunen sitt arbeid. Mellom anna vil f.eks. konseptet «Leige til eige», delta i erfaringsnettverk mellom private utbyggjarar og departementet for å tenke nytt rundt nye kjøpsmodellar og samarbeidsmodellar med kommuner, kunne vere med på å støtte opp under arbeidet og måla med omstillingsprosjektet.

AP v. Hans Petter Brunstad Sørensen sette fram slikt forslag:

Driftsbudsjett:

Kommunedirektøren sitt utkast med slike endringar:

A:

Arbeidarpartiet ser det som viktig at ein aukar trivselsfremmande tiltak for barn og unge, og løyver kr 250 000,- til drift av Høbben for 2022. For resten av planperioden ber formannskapet kommunedirektøren, og seinast til neste budsjettmøte i 2022, å greie ut måtar ein aktivt kan støtte/organisere "aktivitetstilbod til barn og ungdom" innanfor budsjetttrammene.

Finansiering:

Det blir løyvd kr 250 000,- av dei nye frie inntektene til kommunen i 2022.

B:

-Arbeidarpartiet vil følgje utdanningsforbundet sine råd og tildele grunnskulane kr 900 000,-, øyremerka til innkjøp av trykte lærebøker.

-Det vert sett ned eit lærarnemnd som samhandlar mellom grunnskulane om kva fagbøker som kommunen skal kjøpe inn. Dette for at elevane ved skulane skal ha likt læreverk.

Finansiering:

Det blir løyvd kr 900 000 av dei nye frie inntektene til kommunen.

C:

Arbeidarpartiet ønskjer at BUAS blir tildelt 3 mill. kr for å opne 2 stengde rom på BUAS og auke grunnbemanninga.

Finansiering:

Det blir løyvd kr 3 000 000 av dei nye frie inntektene til kommunen.

D:

Eigedomsskatten blir fastsett til 3,2 promille

Finansiering:

2 mill. auke i skatteanslaget.

#### **Investeringsbudsjett:**

Som kommunedirektøren

Forslaget frå SP, H, V og KrF vart vedteke med 5 mot 4 røyster.

Forslaget frå AP fekk 4 røyster og fall.

## FSK - Vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Inntekts- og formuesskatt Det kommunale skatteøret for år 2022 skal vere høgast lovlege sats for alle grupperingar. Formuesskatten vert også rekna etter høgast lovlege sats.

2. Eigedomsskatt i medhald av eigedomsskattelova §§ 2 og 3 skal følgjande utskrivingsalternativ for skatteåret 2022 nyttast: g) faste eigedomar i heile kommunen, unnateke nærings eigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnett og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum. Eigedomsskatten vert sett til 3,2 promille (esktl. § 13). Dette er noko lågare enn det som lagt til grunn i budsjettutkastet. Inntekter frå eigedomsskatten, vert såleis sett ned med kr 2 000 000.

Sjølv om eigedomsskatt også er medteke i årsbudsjetta for år 2022 tom år 2025 må dette takast stilling til kvart år; skal ein ha eigedomsskatt? Kva promillesats skal nyttast ved utskriving kvart år? Eigedomsskatt oppført i åra 2022 tom år 2025 i økonomiplan år 2022 – 2025, åra 2022 tom år 2025 er dermed juridisk sett berre retningsgivande for kommunedirektørens budsjettutkast i dei åra.

3. Sykkylven kommunestyre godkjenner kommunedirektørens utkast til investeringsbudsjett år 2022-2025, slik det går fram av Budsjettskjema 2A, og nytt tabellgrunnlag med slike endringar og prioriteringssignal:

- Administrasjonen vert oppmoda om å arbeide vidare med å kartlegge og skildre ulike organisasjonsmodellar for eigedomsforvaltning. Målsettinga med arbeidet er å sikre ei god, framtidsretta og berekraftig kommunal eigedomsforvaltning - av alle kommunen sine eigedommar og tilhøyrande bygningar.
- «Investeringsstilskott» til uteområder i kommunale barnehagar står ubrukt i år. – Dette vert rebudsjettert for 2022 med kr 100.000.
- Det er framleis eit potensiale for energisparing gjennom ENØK-tiltak og investeringar i dei kommunale helse- og omsorgsinstitusjonane i kommunen. Kommunestyret legg til grunn at dette arbeidet vert vidareført også i 2022.
- Kommunestyret forventer at arbeidet med å planlegge minnelunden vert sett i gang i løpet av 1. kvartal neste år, jf. styringssignala som vart gitt i fjorårets budsjettvedtak. Det vert sett av eit førebels beløp på kr 200.000 i investeringsbudsjettet til dette arbeidet. Det vert oppmoda om å søke etter økonomiske partnarar i etableringa.
- Sykkylven kommune skal ved kommunale investeringar og drift så langt praktisk råd er, legge til grunn FN sine 17 berekraftmål.

4. For å finansiere investeringane i år 2022, jf. kommunelova § 14—15, vert det teke opp eit lån stort kr 58 312 000.

Det vert teke opp Startlån i Husbanken for vidareutlån i 2022, stort kr 12 000 000, jf. kommunelova § 14-17.

5. Sykkylven kommunestyre godkjenner driftsbudsjettet/økonomiplan for år 2022 - 2025, slik det går fram av utkast frå kommunedirektøren i Budsjettskjema 1A og 1B med desse endringane:

- Det vert lagt til grunn ein auke i skatteanslaget med kr 1 000 000 for 2022, utover kommunedirektøren sitt utkast.
- Slik kommunestyret forstår endringsproposisjonen til statsbudsjettet, vil dette gje vår

kommune ei styrking av budsjetttramma gjennom auka overføringar på kr 3 300. 000. Inntektsramma i budsjettet vert såleis auka med nemnde sum.

- Implementeringa av den nye Barnevernsreformen, vil slik kommunestyret ser det, m.a. bidra til styrke det tverrfaglege fokuset i denne sektoren. Vi trur såleis at reforma må få verke over noko tid før ein kan fastslå kva slags fagkompetansar som det blir viktig å rekruttere frametter, som t.d. psykolog, familieterapeut o.l..
- I høve til kommunedirektørens budsjettutkast ser vi eit klart behov for å styrke budsjetttramma innan Helse og omsorg. Kommunestyret vil såleis auke ramma for Helse, omsorg og velferd med kr 1 400 000 for å styrke tenestetilbodet m.a. innanfor områda BUAS, heimetenesta, demensomsorga og forebyggjande tiltak for å hjelpe eldre til å kunne bu heime lengst mogleg.
- Kommunestyret merker seg forslaga frå eldrerådet om etablering av ein eldrekontaktfunksjon og ein frivilligkoordinator ved BUAS og heimetenestene, og oppmoda administrasjonen om å ta med seg desse forslaga som innspel i arbeidet med den framtidige organiseringa av Helse og omsorg.
- Det er frå fleire hald opplyst aukande utfordring knytta til arbeidsinnvandring og norsk språk. Kommunestyret ber kommunedirektøren ta initiativ overfor f.eks. Sykkylven Industri og Næringslag for å diskutere mulighet for samarbeid mellom kommunen (f.eks. vaksenopplæringa), SNU og SINL for å gjere integreringsarbeidet også på dette området betre.
- Kommunestyret ber om ei vurdering av plassering av vaksenopplæringa i organisasjonen og fordelingsnøkkel i rammer mellom ungdomsskulen og vaksenopplæringa
- Styrkinga av budsjetttramma for Sykkylven kyrkjelege fellesråd med kr 150 000 i fjor, vert vidareført i 2022.
- Sykkylven kommune ser det som viktig å sikre at ingen barn skal stå utanfor fritidsaktivitetar av økonomiske grunnar. Vi set difor av kr 50 000 til dette formålet i budsjettet. Administrasjonen blir samstundes oppmoda om ev. å søke på midlar frå den nasjonale tilskotsordninga for inkludering av barn og unge.
- Som eit ungdomstiltak oppmoder kommunestyret administrasjonen om å etablere ei ordning for unge (t.d. i alderen 15 – 19 år), der den enkelte kan få tilbod om sommarjobb i ei veke eller to med stell av parkar, friområder og andre fellesområder. Det vert sett av kr 100.000 til dette i 2022. Tiltaket vert evaluert i samband med budsjettarbeidet for neste år, med tanke på ei ev. vidareføring.
- Det vert sett av kr 200.000 som eit oppstartstilskott til «Høbben».
- I budsjettutkastet er det ikkje teke med midlar til brøyting av vegen gjennom Fasteindalen. Kommunestyret meiner at vegen m.a. av tryggleiksgrunnar må vere brøytt.

Kommunestyret ber difor teknisk eining om å forlengje rode for Ramstaddal til og å inkludere Fasteindalen. Vegen må bli brøyta av egna maskin/utstyr og vere den lavast prioriterte strekninga på roda. Det vert sett av inntil kr 150.000 til dette.

- Kommunestyret ser behovet for å få fastsett gatenamn og husnummer for fritidsbustader mv i Fjellseterområdet, ikkje minst av omsyn til at naudetatane skal

kunne finne fram innan rimeleg tid ved utrykning. Det vert såleis løyvd kr 250.000 til dette for 2022. Ved framtidig utbygging i området skal dette takast med i reguleringsplanar og føresegrer. Og kostnadane vert ein del av utbyggingskostnadane.

- Kommunestyret ber om at det i byrjinga av 2022 vert lagt fram sak for formannskapet med oversikt over alle kommunale bustadtomter med prisar. Målet er å få selt flest mogleg av desse.
- Kommunestyret ser det som svært viktig at krinsar som har eller vil miste skule/barnehage, likevel skal vere attraktive buområder. Den dialogen med grendene som er sett i gang, må vidareførast om t.d. kva tiltak dei ser for seg som vil vere viktigast for bumiljøet i kvar krins.
- Vi merkar oss og ser det som viktig, at kommunedirektøren vil vidareføre arbeidet med den administrative organiseringa i kommunen, med målsetting om å få denne så effektiv som mogleg.
- Endringane ovanfor har ein nulleffekt på balansen i driftsbudsjettet for 2022, dvs. summen av forslaga som aukar inntektene tilsvarer summen av forslaga om aukar kostnadane. For dei andre åra i økonomiplanen har endringane ingen verknad.

6. Kommunedirektøren får fullmakt til å fordele hovudpostane i budsjettskjema 1B i samsvar med budsjett dokumenta og dei endringane budsjettvedtaket gir. Kommunedirektøren får fullmakt til å justere budsjetterte utgifter til pensjon. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å justere budsjettet når einingane vil bruke midlar frå tidlegare pliktige avsettingar, eller gjere pliktige avsettingar i årets budsjett. Kommunedirektøren får vidare fullmakt til å regulere budsjettpostar innan budsjettskjema 1B

7. Dei endelege nettorammene for einingane er bindande for einingane si disponering av budsjettmidlane.

8. Garantiramma for sosiallån vert fastsett til kr 350.000. Den øvre grensa for einskildgarantiar innanfor den samla ramma etter dette punktet, vert sett til kr 150.000.

9. Kommunale betalingsattsar er avklara i eigne saker.

10. For året 2022 vert ordførarombodet sett til 100 prosent. Ombodsgodtgjeringa vert sett i samsvar med kommunestyrevedtak PS 46/17.

11. For året 2022 vert varaordførarombodet sett til 10 prosent av eit årsverk, og ombodsgodtgjeringa vert rekna av same grunnlag som for ordførarens godtgjersle.

12. Kommunestyret forventar at administrasjonen legg fram for formannskapet månadleg oversikt over utviklinga i kommuneøkonomien, samanlikna med budsjett. Kommunestyret vert informert tertialvis i høve til møteplan.

13. Økonomiplanen år 2022 er grunnlaget for arbeidet med årsbudsjettet for år 2022. Budsjettutkast frå administrasjonen vert då fremja i samsvar med driftsramme og investeringsramme som økonomiplanen fastset.

14. Det skal tertialvis leggest fram oversikt over tal på tilsette og årsverk samanlikna med budsjettvedtaket.

15. Ved utarbeiding av budsjettutkastet for 2022 må det takast omsyn til signal om trekk i

rammeoverføringer, bortfall av statlege tilskott som er tidsavgrensa o.l., slik at budsjettutkastet ikkje legg opp til eit for høgt driftsnivå.

16. Kommunestyret viser til «Ny strategi for sosial boligpolitikk» som vart lagt fram av den førre regjeringa. Fleire av måla og delmåla i denne vil få stor betydning for kva prioriteringar og val kommunene må gjere på dette området framover. Kommunestyret ynskjer difor at ein vidarefører arbeidet med å implementere desse føringane i kommunen sitt arbeid. Mellom anna vil f.eks. konseptet «Leige til eige», delta i erfaringsnettverk mellom private utbyggjarar og departementet for å tenke nytt rundt nye kjøpsmodellar og samarbeidsmodellar med kommuner, kunne vere med på å støtte opp under arbeidet og måla med omstillingsprosjektet.

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Kommunedirektøren har utarbeidd eit utkast. Dette er lagt ved saka.

Formannskapet skal lage innstilling til kommunestyret.

### **Saksopplysningar**

Regjeringa (Solberg) la fram statsbudsjettet den 12.oktober.

Regjeringa (Støre) Ap / Sp vil legge fram sitt tillegg / endringar til framlagt statsbudsjett den 8. november.

Ein har i dag (9.november) ikkje heilt oversyn på kva tillegg / endringane frå Regjeringa Støre vil bety for Sykkylven kommune i 2022 med dei føringar som ligg til grunn der på tilleggsøyvingar. Ein vil kome med ei oversikt på konsekvensane straks dette er klart.

## **Vurdering**

### **Økonomiske konsekvenser**

Geir Ove Vegsund  
kommunedirektør

### **Vedlegg:**

Budsjett og økonomiplan 2022-2025